




2020

HEMSEDAL KOMMUNE



Reglement for
medverknadsorgan
i Hemsedal
kommune

Bakgrunn og føremål

Kommunelova (koml.) (2018) stiller krav til at alle kommunar skal ha eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsråd. Hemsedal kommune har eit brukarmedverknadsråd for kvar gruppe.

Det følgjer av koml. § 5-2 e at eldreråd, råd for menneske med nedsette funksjonsevne og ungdomsråd oppretta etter § 5-12 er definert som «andre kommunale organ». Lovføresregn i kommunelova som gjeld for folkevalte organ gjeld også for kommunale organ. Jf. koml. § 5-2. I dette reglementet vert eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsråd definert som medverknadsorgan når dei her vert omtalt i fellesskap.

Personar som er vald av eit folkevald organ til eit kommunalt organ er å rekne som folkevalde, jf. koml. § 5-1, 3. ledd.

Det følgjer av koml. § 5-13 at folkevalde organ skal ha eit reglement som fastset organet sitt virkeområde og eventuelt vedtaksmynde, tidsperioden som organet er oppretta for, og eventuelle andre sentrale lovføresegner om verksemda til organet.

Dette reglementet gjeld for kommunale medverknadsorgan og erstattar:

- Reglement for Elrerådet (vedtak KS 30.06.2005 – sak 39/05)
- Reglement for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (vedtak KS 08.11.2008 - sak 100/07)
- Retningsliner for Ungdomsrådet (vedtak KS 07.03.2013 – sak 7/13)

Innhold

Bakgrunn og føremål.....	2
Innhold.....	3
1. Medverknadsorgan i Hemsedal kommune	4
1.1 Eldrerådet	4
1.2 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	4
1.3 Ungdomsrådet	4
2. Oppgåver.....	5
2.1 Saker til handsaming	5
3. Sekretariat og opplæring	5
4. Møteplan	6
5. Møteinnkalling, saksliste, dokumenter og kunngjering	6
6. Møtedeltaking	6
6.1 Rådsmedlemmer sine pliktar og rettigheter	6
6.2 Forfall og varamedlem	6
6.3 Kommunale tenestemenn og møterett	6
7. Møteoffentlighet	7
7.1 Unntak frå prinsipp om møteoffentlighet	7
8. Saksbehandling i medverknadsorgan	7
8.1 Møteleiing og gjennomføring av møte	7
8.2 Vedtak	7
8.3 Møteprotokoll og møteslutt	7

1. Medverknadsorgan i Hemsedal kommune

1.1 Eldrerådet

Eldrerådet består av 5 medlemmar med personlege varamedlemmer og vert vald av Kommunestyret. Jf. koml. § 5-2, 1.ledd. Tre av Eldrerådet sine medlemmer skal vere over 60 år. Organisasjonar i Hemsedal har rett til å fremme forslag om medlemmer til rådet, til dømes pensjonistlaget eller andre lag og foreiningar som arbeider med saker som vedgår eldre i kommunen. Jf. koml. § 5-12, 5.ledd og forskrift om medverknadsorgan § 3, 2. ledd. To medlemmer (varaordførar + ein politisk representant) vert oppnemnt av kommunestyret. Det skal vere minst 40% av kvart kjønn representert i rådet.

Eldrerådet vel sjølv leiar og nestleiar.

Funksjonstida fylgjer den kommunale valperioden.

Om medlemmer eller varamedlemmer av rådet trer endeleg ut, skal det veljast nytt medlem eller varamedlem av Kommunestyret. Jf. koml. § 7-10, 4.ledd.

1.2 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne består av 3 medlemmer med personlege varamedlemmer og vert vald av Kommunestyret. Jf. koml. § 5-2, 1.ledd. Eitt fast medlem skal vere medlem eller varamedlem i Kommunestyret. To av dei faste medlemmene i rådet skal representere menneske med nedsett funksjonsevne. Organisasjonar, lag og enkeltpersonar i Hemsedal har rett til å fremme forslag om medlemmer til rådet. Jf. koml. § 5-12, 5.ledd og forskrift om medverknadsorgan § 3 2. ledd. Det skal vere minst 33,33% av kvart kjønn representert i rådet. Før val av nytt råd skal det kunngjera at enkeltpersonar, lag og organisasjonar kan fremme forslag til medlemmer.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vel sjølv sin leiar og nestleiar.

Funksjonstida fylgjer den kommunale valperioden.

Om medlemmer eller varamedlemmer av rådet trer endeleg ut, skal det veljast nytt medlem eller varamedlem av Kommunestyret. Jf. koml. § 7-10, 4.ledd.

1.3 Ungdomsrådet

Ungdomsrådet består av:

1 representant frå kvart av ungdomstrinna (8., 9. og 10. klasse).

1 representant frå ungdomsklubben

1 representant frå kristne ungdomslag

1 representant frå Hemsedal idrettslag

1 representant frå kvart klassetrinn i vidaregåande skule busett i Hemsedal (1., 2. og 3. klasse)

1 representant frå Hovudutval for Livsløp

I tillegg skal rådet ha 10 varamedlemmer

Ungdomsrepresentantane vert valt av Kommunestyret for skuleår og ikkje kalenderår. Ungdomsrådet legg til rette for val av representantar i skuleklassane, der dei vert valt for to år om gongen. Valet skal skje i starten av skuleåret. I tillegg vel Kommunestyret ein representant og ein vararepresentant frå Hovudutval for Livsløp der funksjonstida fylgjer den kommunale valperioden. Det skal vere minst 40% av kvart kjønn representert i rådet.

Dei respektive lag (ungdomsklubben, kristne ungdomslag og Hemsedal idrettslag) har rett til å fremme forslag om ungdomsrepresentantar til rådet. Jf. koml. § 5-12, 5.ledd og forskrift om medverknadsorgan § 3, 2. ledd.

Ungdomsrådet vel sjølv leiar og nestleiar på fyrste møtet etter sumarferien.

Om medlemmer eller varamedlemmer av rådet trer endeleg ut, skal det veljast nytt medlem eller varamedlem av Kommunestyret. Jf. koml. § 7-10, 4.ledd.

2. Oppgåver

2.1 Saker til handsaming

Medverknadsorgana er partipolitiske uavhengige og rådgjevande organ. Dei har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld høvesvis eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom, jf. koml. § 5-12, 5.ledd, forskrift om medverknadsorgan § 2, 2.ledd. Dette gjelde mellom anna årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplan, utbyggings- og reguleringsplanar, tiltak og planar innan helse- og sosial sektoren, tiltak og planar innan kultur- og oppvekstsektoren, samferdsel med meir. Slike saker skal kommunestyret eller andre folkevalde organ legge føre for råda.

Medverknadsorgana skal motta slike saker på eit tidleg tidspunkt i saksbehandlinga slik at uttale frå dei enkelte råd har moglegheit til å påverke utfallet i saka.

Medverknadsorgana kan også ta opp saker på eige initiativ.

Medverknadsorgana skal ikkje handsame saker som gjeld avgjersler for enkeltpersonar.

Medverknadsorgana ved leiar skal kvart år utarbeide ei årsmelding som skal leggast fram for kommunestyret som orienteringssak.

3. Sekretariathjelp og opplæring

Medverknadsorgana skal ha tilgang på tilstrekkeleg sekretariathjelp, jf. «Forskrift om medvirkningsordninger» § 3, 4.ledd.

For dei ulike råda skal sekretær sørge for praktisk tilrettelegging, førebuing og gjennomføring av møta. Sekretæren skal vidare førebu saksliste og saksdokumenter, samt sende ut møteinnkalling og føre protokoll frå møta.

For Ungdomsrådet skal sekretæren i tillegg legge til rette for at ungdommene opplever mestring i rolla som ungdomsmedlemmer. Sekretæren skal bidra til at ungdommen sjølv oppdagar løysingar. Sekretæren skal også legge til rette for at det vert skrive gode referat på eit forståeleg språk, og for at det er gode erfaringsutvekslingar til nytt råd.

Sekretær skal sørge for at rådet får nødvendig opplæring. Fortrinnsvist bør råda følgje folkevaldopplæringa som vert arrangert i starten av kvar kommunestyreperiode, men individuell opplæring kan også vere hensiktsmessig. Funksjonstida i Ungdomsrådet er kortare enn dei andre råda og ei hyppigare opplæring må her pårekna. Sekretær vil vere eit bindeledd mellom medverknadsorgana og administrasjon/politikarane og skal vere støttespelarar og rettleie medlemmene i råda.

4. Møteplan

Kommunale medverknadsorgan behandlar sjølv sine eigne saker og fattar vedtak i møtet. Møteplan vert sett av Kommunestyret, men råda kan sjølv gjere endringar i møteplan om dette er føremålstenleg. Det skal vere minst 4 møter i året for kvart organ.

Medlemmene av råda vert invitert til å delta på Hemsedal sine politiske arbeidsdagar. Det er ikkje møteplikt på desse arbeidsdagane for medverknadsorgana.

5. Møteinnkalling, saksliste, dokument og kunngjering

Medverknadsorgana skal som hovudregel halde møter på dei tidspunkt som er sett opp i møteplanen, men om leiar av rådet eller 1/3 av medlemmene i rådet krev det, skal møtet haldast. Jf. koml. § 11-2.

Leiar er ansvarleg for å kalle inn til møtet med bistand frå sekretær, jf. koml. § 11-3. Sakslista vert sett opp i samråd med sekretær. Medlemmene vert innkalla med 7 dagars varsel.

Sakslista til møter og tilhørande dokumenter vert sendt elektronisk til medlemmene i møtet. Dei vert samtidig lagt ut på heimesida til Hemsedal kommune. Dokumenter som er unntatt offentlighet vert delt ut i møtet.

6. Møtedeltaking

6.1 Rådsmedlemmer sine plikter og rettigheter

Medlemmer av råda vert rekna som folkevalde, jf. koml. § 5-1, 3.ledd. Medlemmene har rett og plikt til å delta på møter om dei ikkje har gyldig forfall, jf. koml. § 8-1. Minst halvparten av medlemmene må vere til stades under forhandlingane og røysta for at medverknadsorgana skal kunne treffe vedtak.

Ordførar har møte-, tale- og forslagsrett i råda, jf. koml. § 6-1, 3. ledd.

Elles kan råda invitere sakkyndige og andre personar til å møte, og gi vedkommande talerett.

6.2 Forfall og varamedlem

Gyldig forfall

Om eit medlem av eit medverknadsorgan har gyldig forfall, skal medlemmen straks melde ifrå til sekretær. Med gyldig forfall reknast sjukdom eller andre viktige årsakar. Forfallsgrunn skal opplystast.

Habilitet

Medlem eller møtande varamedlem som er inhabil i ei sak som skal opp til handsaming i møtet, er ansvarleg for å melde ifrå så raskt som mogleg til møteleiar med kopi til møtesekretær.

Innkalling av varamedlem

Sekretær har ansvar for innkalling av varamedlem.

6.3 Kommunale tenestemenn og møterett

Kommunedirektør har møte- og talerett i medverknadsorgana. Kommunedirektør avgjer om andre tenestemenn frå administrasjon skal gjere greie for ei sak, jf. koml. § 13-1, 5. ledd.

Møtesekretær deltek i samsvar med gjeldande lovføresegn.

7. Møteoffentlighet

Alle har rett til å vere til stades i møter i medverknadsorgana.

7.1 Unntak frå prinsippet om møteoffentlighet

Medverknadsorgana skal vedta å lukke møtet om vilkåra i koml. § 11-5 er oppfylt.

Om det vert vedteke å handsame ei sak for lukka dører, har medverknadsorganet sine medlemmer og dei kommunale tenestemennene som har vore til stades, teieplikt i samsvar med kommunelova, forvaltningslova og offentliglovas lovføresegn.

Det er berre dei medlemmene, møtesekretær samt tilsette som har ansvar for den eller dei sakene som skal handsamast, som kan vere til stades når møtet vert lukka.

8. Sakshandsaming i medverknadsorgan

8.1 møteleiing og gjennomføring av møte

Leiar i medverknadsorganet leiar møtet. Om leiar har forfall, skal møtet leiast av nestleiar.

Leiar føretek til fastsett tid opprop av medlemmene og møtande varamedlemmer. Er minst halvparten av medlemmene til stades, vert møtet erklært lovleg sett av møteleiar.

Leiar les opp nummer og overskrift frå innkallinga, er ordstyrar og gjennomfører avstemming.

8.2 Vedtak

Eit vedtak vert gjort med fleirtal av dei avgitte røystene om ikkje anna følgjer av kommunelova. Møteleiaren har dobbelrøyst om tal på røyster for og imot eit forslag er likt, jf. koml. § 11-9.

8.3 Møteprotokoll og møteslutt

Det skal førast protokoll for møter i medverknadsorgana, jf. koml. § 11-4. Møteprotokollen vert godkjent av møtedeltakarane og vert offentleggjort elektronisk på heimesida etter møtet.